

Torsdag 27. april 2023 Nr 47 Årgang 140 Grunnlagt 1883 Laussal kr 40,-

Alt i møbler og teppe
til hus og hytter



MØBELSENTERET VOSS • VOSSABYGG • TLF. 56 51 09 60

Utset opninga av Stalheimskleivi

Side 12 og 13

Kurt sine vasar med vatn er blitt bok

Side 18 og 19

Bondene krev 170.000 kroner per årsverk

Side 2 og 3



FOTO: TONJE OLIVERSEN

Her startar ei lang reise for plasten

Indre Hordaland Miljøverk samla inn 153,47 tonn plastemballasje i 2022. Plasten Kjell Gjerme og Jan Ove Teigen samlar inn på Voss har ei lang ferd framfor seg, og hamnar til slutt i Tyskland. Der blir noko av han resirkulert til nye plastprodukt, men mykje av han eignar seg ikkje til det, og blir brent.

SIDE 20-24

Avisdagar og annonsefrist

Neste veke kjem avis ut torsdag 4. mai og laurdag 6. mai.
Annonsefrist til torsdagsavisa er tysdag 2. mai kl. 10.00.

Telefon 56 53 03 00 – annonse@avisa-hordaland.no






LANG FARTSTID: Jan Ove Teigen og Kjell Gjerme har jobba lenge i IHM og trivst godt ute i felten.



SORTERINGSHALLEN: Etter at plasten er skild frå papiret vert plasten send vidare til BIR i Bergen. Einar Skeie er arbeidsleiar i sorteringshallen.



PLAST OG PAPIR: Plast- og papiravfall blir henta på samme bilruta, men blir separert på Bjørkemoen.

Operasjon plastavfall

I 2022 samla IHM inn 153,47 tonn plast emballasje frå Voss, Eidfjord og Ulvik. Vidare går plasten til Bergen, der han vert pakka og send til Tyskland.

TONJE OLIVERSEN
tonje.oliversen@avisa-hordaland.no

Hordaland er med sjåførane Kjell Gjerme og Jan Ove Teigen ut for å henta plast- og papiravfall i solskinet. Dei to lyser om kapp med sola i sine knallgule uniformer.

Kvar fjerde veke blir plast- og papiravfall henta av Indre Hordaland Miljøverk.

- Me kan vera innom alt frå omrent 200 til 1000 husstandar i løpet av ein dag. Er me ute i grisgrendte strøk, blir det ikkje like mange om dagen, forklarar sjåførane.

Tilsett i mange år

Jan Ove Teigen (t.v.) har køyrt bobilien i 27 år. Han køyrd privat til og med 2013, før han byrja jobba for IHM.

- Det har blitt ein livsstil. Eg likar å køyra og å koma meg ut på vegen, i staden for å sitja inne på ein kontor.

Kjell Gjerme byrja køyra bobilien på fulltid i 2014.

- Det er kjekt å køyra rundt, det motverka rastløyse og ein møter mange forskjellige folk.

Både Teigen og Gjerme synest det er viktig at me kjeldesorterer.

- Me blir fleire og fleire her i verda, så me kan ikkje sløsa bort ressursar, seier dei to.

Vel framme på avfallsstasjonen må bobilien på vekta før han får køyra inn på området. 20,48 tonn er vekta på veg inn. I sorteringshallen blir bilen tömt for plast og papir. Han blir vogen på ny etter tömming for å fastsetja mengda med papp og papir.

Den dagen Hordaland var med inn i sorteringshallen kom det inn 3520 kilo plast- og papiravfall.

Ein meister med «klypa»

Gjerme og Teigen er ferdige for dagen, og Svein Inge Grindeland er godt i gang med å sortera avfallet som Gjerme og Teigen har brukta arbeidsgangen på å



Til høgre er Svein Inge Grindeland som opererer sorteringsmaskina. Kjell Gjerme stagediver i pappen til øre for fotografen, etter fullført innsamlingsrunde med Jan Ove Teigen (med ryggen til).

ALLE FOTO: TONJE OLIVERSEN

samla inn. No skal papir, papp og plast sorterast i kvar sin container.

Det bognar med grandioskartongar, pappvin, reklameaviser og plastemballasje i den store boshaugen i sorteringshallen.

Dei som har vore usikre på om plasten blir sortert, skulle sett stålkontrollen Grindeland har på klypa til sorteringsmaskina. Med denne maskina har han i ti år jobba med å sortera plast og papir frå kvarandre.

- Eg kan plukka opp ei vinflaske med klypa, seier Grindeland med eit smil.

– Alt kan bli betre

Når plast, papir og papp er sortert ferdig av Grindeland og containerane er fulle, går plasten vidare til Bergen.

- Det er BIR som mottar plasten i Bergen. Dei ballar plasten og sender han vidare til Tyskland, via Grønt Punkt, forklarar arbeidsleiari Einar Skeie og dagleg leiari i IHM Jon Grønsberg.

Frå tid til annan vert det gjennomført plukkanalysar av restavfallet hjå IHM. Ved sist plukkanalyse i 2018 fann IHM 10 prosent plast i restavfallet.

- *Er innbyggjarane på Voss, i Eidfjord og i Ulvik flinke til å sortera?*

- Ja, det er dei, det skal dei ha all skryt for. IHM har vore veldig tidleg ute med sorteringsgrad av ulike fraksjonar, så dette byrjar bli godt innarbeidd. Det som talar veldig for yrket vårt er at innbyggjarane er meir bevisste på sortering, seier Grønsberg og deler ein hugseregel til innbyggjarane:

- Enkel hugseregel for kva som kan leggjast i plastesekkane er emballasje. Plastemballasje er den plasten som matvarer og andre produkt er pakka inn i. Eksempel på dette kan vera; ketchupflaske, sjampoflaske, druebeger, isboks, bobleplast. Det er viktig at plasten er rein for bedre gjenvinning. Arbeidsleiaren kan likevel nemna ein

vanleg feil innbyggjarane gjer med plastavfallet i heimen.

- Det kjem inn litt forskjellige ting i desse plastesekkane. Gamle akebrett og annan hardplast. Det er det mange som kastar i plasten og det vert jo feil. Hardplasten skal i eigen fraksjon i eigen container.

- *Ser de noko utvikling, har folk blitt flinkare til å sortera?*

- Ja, restavfallsmengda har jo gått ned. Det er jo logisk, då det er mindre som hamnar i restavfallet, seier Grønsberg.

Grønsberg legg til IHM ligg høgt på sorteringsgrad samanlikna med andre interkommunale avfallsselskap.

- Men alt kan bli betre, sjølv sagt.

- *Har de høyrte at folk trur at plasten ikkje vert sortert sidan plast og papir blir henta av same bil?*

- Me har hørt det ja. Eg seier dei kan koma å kikka på plasthaugen vår inne i hallen, seier arbeidsleiari Skeie med eit smil.

IHM

Selskapet vart danna i 1994 og har 35 tilsette.

Indre Hordaland Miljøverk er eit interkommunalt selskap og er eigd av kommunane Voss, Eidfjord og Ulvik.

IHM arbeider med innsamling, tilrettelegging av sorteringsløysingar, gjenvinning, energiutnytting og sluttbehandling av avfall.

I 2022 samla IHM inn 153,47 tonn plastemballasje på Voss, i Eidfjord og i Ulvik. 23,56 tonn vart levert inn på miljøstasjonen.

Kjelde: IHM

>>>

Me har eit kjempeproblem. Noko av d

Halvparten av plasten du kjeldesorterte heime i fjar, vart ikkje resirkulert.

Han enda opp i forbrenningsomnar i utlandet. Må me bli flinkare til å sortera? Eller er problemet langt større?

AMUND TRELLEVIK, INGEBORG ELIASSEN, NICO SCHMIDT, INVESTIGATE EUROPE
redaksjon@avisa-hordaland.no

Ein stank av sur mjølk og roten mat heng over stablane med plastavfall i den store sorteringshallen. Fabriksjef Michael Stechert drar ein øydelagd Rema 1000-pose ut av ein mannshøg balle av samanpressa plast. Fiskemat-emballasje, ei Schweppes-flaske og tomme godteriposar er godt synlege. Det er ikkje tvil om kor dette sørpelet kjem frå. Det er frakta hit frå Noreg, til Vogt Plastic GmbHs sorterings- og gjenvinningsanlegg i byen Premnitz, ein times køyring vest frå Berlin.

Stechert inspirerer plasten frå Noreg. Han er usortert og til dels tilgrisa. Det betyr at noko av han ikkje lar seg gjenvinna. Andre delar av avfallet inneholder så mange ulike typar plast at det er umogleg å resirkulera. Dessutan er det ikkje alt folk puttar i plastavfallet som er plast. Blant yoghurtbegera, zalofasker, isboksar, ost og smørskjer finst det ting som ikkje har noko på eit resirkuleringsanlegg for plast å gjera: Mjølkekartonar, brukte bleier, eit trillebårhjul.

Norsk plast opp i røyk

Til saman sende Noreg i fjar drygt 43.000 tonn kjeldesortert plastemballasje frå hushaldningane til gjenvinning i Sverige og Tyskland. Men av dette vart berre 21.500 tonn - halvparten - faktisk gjenvunne, viser tal frå selskapet Plastretur og Norsirk. Resten gjekk bokstaveleg tatt opp i røyk i store forbrenningsanlegg.

Avfallet frå Noreg er likevel som regel reinare enn det som kjem frå tyske kommunar, ifylge Stechert. - Me gjenvinn så mykje plast som mogleg frå det, seier han.

Fabriksjefen klyv opp ein metallstige til ein avsats. Der kan han sjå samlebanda gå med små bitar av opphakka plast. Eitt materiale om gongen blir skilt ut og frakta til gjenvinning i ein annan hall. Der går ein smal passasje mellom maskinene. Stechert opnar ei luke med van hand, stikk armen inn og hentar ut ei handfull fine flak av lilla, oransje og blå plast. Desse blir til såkalla re-granulat, som igjen kan få nytt liv som hagemøblar eller vasskanner.

På langtur – kanskje til eit nytt liv

Ketsjupflaska du har skytt og kasta i riktig pose heime, forsvinn ut av livet ditt med kommunen sin bosbil. Men ho er på ingen måte ute av historia. Noreg gjenvinn sjølv ingenting av avfallet frå plastemballasjen på den norske marknaden, som var rundt 242.000 tonn i 2021. Kjeldesortert plastsøppel skal i staden på langtur.

Kjeldesortert plast går med lastebil frå kommunen sitt anlegg til nærmeste tog-terminal. Så skal han togast til Sverige eller Tyskland. Men før han kjem så langt, er han innom Bane Nor sin terminal på Alnabru i Oslo.

Alnabru er eit enormt nasjonalt logis-

tikk-knutepunkt. Men eit par kilometer lenger ned i Groruddalen, på Norsk Gjenvinning sitt avfallsanlegg, har også innsamla plast frå Oslo-regionen vore klart for henting denne dagen.

Bring-sjåfør Agnieszka Walasek lirkar ein fullstappa lastebil over ein rampe som er akkurat brei nok. Vekta syner at bilen er lasta med 20 tonn plastsøppel. Det kjem frå hushaldningar i Bærum, og maskinførar Kai Trollebø har stabla det om bord den siste halvtimen. No skal plasten ut på ei lang reise, til Malmö og Trelleborg i Sverige, så vidare til Rostock eller Travemünde i Tyskland.

Sirkulert, kva er det?

På jobb ser Bring-sjåfør Walasek og maskinførar Trollebø baksida av forbrukarsamfunnet: Berget av plastsøppel.

- Det er forferdeleg, det er altfor mykje. Sjølv kjøper eg i stort for å redusera eige plastavfall, seier Agnieszka Walasek.

Tobarnsmora frå Grimstad er på linje med offisiell norsk og europeisk politikk: Me skal slutta å øydeleggja kloden som om det fanst ein Planet B. Me skal inn i ein «sirkulær» økonomi der me gjenvinna og gjenvinn mykje meir. Innan 2050 skal verda bli «klimanøytral».

Me har dårlig tid.

I elver over heile Europa er plast det mest vanlege sørpelet.

I forlenginga av elvene finn ein havet, som er blitt verdas største plastfylling. Kvart år går rundt 11 millionar tonn plast dit.


I 2017 fann forskarar 30 plastposar i magen på ein sjuk og utslitn kval som grunnstøtte på Sotra utanfor Bergen. To år seinare døydde ein annan kval, på Filippinane, av dehydrering og svolt, med 40 kilo plast i magen. Like etter skjedde det igjen, på Sardinia i Middelhavet, der ein død kval låg i fjæra med 22 kilo handleposar, fiskesnøre og annan plast i imagesekken.

Råstoffet til plast er olje og gass. I produksjonen vert det brukt kjemikalier som kan vera farlege, også for menneske. Om plasten hamnar på ei fylling, i havet eller i naturen, kan slike kjemikalier leka ut, gå i grunnvatnet, eller i fisk og andre artar, og vidare til menneske. Forskarar åtvarar om fylger frå nokre kjemikalier for fruktbarheit, immunrespons og forbrenning, og for auka risiko for angst, depresjon, hyperaktivitet og atferdsproblem hjå barn.

EU skrur til krava

Om me ikkje endrar måten me produserer og brukar plasten på, kjem det til å vera meir plast enn fisk i havet i 2050, sa Frans Timmermans, sjefen for EU si grøne omstilling, då han presenterte EU sin plaststrategi for fem år sidan.

- Me må få slutt på plast i vatnet, maten og til og med i kroppane våre. Den einaste langsiktige løysinga er å redusera plastavfall ved å gjenvinna og gjenu brukar meir, sa han.



EKSPORT: Bring-sjåfør Agnieszka Walasek og maskinførar Kai Trollebø ved Norsk Gjenvinning sitt anlegg på Alnabru har lasta 20 tonn plastavfall frå Bærum. No skal det avgarde til Tyskland.

FOTO: INGEBORG ELIASSEN

Rotter som tar kattungar

Ballane med brukta, samanpressa plastemballasje som maskinførar Kai Trollebø hjå Norsk Gjenvinning tar på gaffelen, veg kvar mellom 400 og 600 kilo. Han er ikkje rein. Her er det mykje mat å finna for kråkene som heng lågt over avfallsanlegget, og for rotter og kattar. Rottene er store, seier Trollebø og viser med hendene.

Dei et kattungar. Trollebø seier han har redda 12 frå ein slik skjebne med å ta dei med heim. Maskinføraren har lang erfaring frå anlegget. Han balanserer mange tonn plastavfall på gaffeltrucken kvar dag og ser bilane reisa bort med det.

- Eg har jo lurt på kor det blir av, seier Trollebø.

Det kostar å bli kvitt avfallet

Det veit Plastretur, det dominante resurselskapet for plastavfall i Noreg: Rundt åtte transportar med brukta plast går ut av landet i deira regi kvar dag.

Det er selskapet som nyttar plastemballasje på produkta sine som eig Plastretur: Orkla, Tine, Nortura, Ringnes og fleire andre. Handelsnæringa og dei som produserer plastemballasjen, er også på eigarsida.

Plastretur er eit bindeledd mellom avfallsselskapet i 326 av landets 356 kommunar og ulike anlegg for resirkulering i Tyskland. Kommunane sel plastavfallet dei har samla inn heime hjå folk til Plastretur for ein avtalt pris per tonn. Prisen er høgare jo reinare plasten er. I neste omgang betalar Plastretur tyske resirku-

et eksporterer me. Resten brenner me.



TIL TYSKLAND: Det tyske sorterings- og gjenvinningsanlegget Vogt Plastic GmbH utanfor Berlin tok imot 10.500 tonn usortert plastavfall frå norske kommunar i fjor. Den norske plasten er som regel reinare enn den tyske, sier fabriksjef Michael Stechert.

FOTO: NICO SCHMIDT, INVESTIGATE EUROPE

EUROPA SI PLASTKRISE

Saman med lokalaviser over heile Noreg, Senter for undersøkende journalistikk og journalistgruppa Investigate Europe, har Hordaland forsøkt å finna ut kva som skjer med plastemballasjen etter at me har kasta han.

Prosjektet er ein del av Investigate Europe sitt graveprosjekt #Wasteland, som vert publisert i ti europeiske land. Investigate Europe har støtte frå Fritt Ord.

Journalism Fund's Earth Investigations Programme har støttet prosjektet økonomisk..

Framover vil Hordaland publisera ei rekke saker om dette temaet.

Les dei internasjonale sakane på Investigate Europe sine nettsider.

met. Det bidreg i staden til ei pågåande global miljø- og klimakatastrofe.

Årsaka til det er ikkje minst at rundt halvparten av plastemballasjen frå hushaldningane går i restavfallet. Når du kastar yoghurtbegeret eller den tomme flaska oppvaskmiddel der, hamnar ho i eit av Noreg sine 18 forbrenningsanlegg. Kommunane sjekkar av og til kor mykje plastemballasje som skulle blitt kjeldesortert, men som i staden hamnar saman med alskens anna avfall. Resultatet av såne såkalla plukkanalyser varierer sterkt; nokon finn rundt 10 prosent plast, andre nærmare 20.

- I Oslo finn me veldig mykje plast i restavfallsposen, faktisk opp mot 70 prosent av alt plastavfallet, seier Hans Petter Karlsen, administrerande direktør i renovasjons- og gjenvinningsetaten i Oslo kommune. Ein grunn til det, er at Oslo-folk ofte har mindre plass enn andre.


- Om ein bur fire stykk på 75 kvadrat, klarar ein då å ha tre posar i benken? seier Karlsen.

Nokon orkar ikkje sortera. Andre tykjer det er vanskeleg å forstå kva som skal i dei ulike posane. Men ein annan grunn til at mykje plastemballasje ikkje blir kjeldesortert, er at han ikkje er designa for gjenvinning fordi han består av fleire typar plast. Produsentar av mat forklrarar dette med behovet for å unngå svinn, som også er eit stort problem.

Produksjonen av resirkulert plast aukar, men utgjer berre seks prosent av totalen

Verdas totale produksjon av ny og resirkulert plast, i million tonn, 1990 - 2019

■ Ny plast ■ Resirkulert plast



leringsanlegg for at dei skal gje plasten nytt liv.

Nokre kommunar har i staden avtale med Plastretur sin konkurrent, eit lite selskap som heiter Norsirk. Dette selskapet hentar plastavfallet frå Oslo-folk og frå Grenland, Lindesnes og Aust-Finmark. Denne plasten vert frakta til eit resirkuleringsanlegg i Bredaryd i Sverige, som vert drive av selskapet Swerec. Der blir plasten sortert, vaska og gjenvunne.

Det går feil veg

Her er eit godt og eit dårlig nyhende.

Det gode nyhendet er at plastemballasjen du skyl og kastar i riktig pose eller dunk, går inn i eit avansert system. Til slutt blir han truleg råstoff til nye plastprodukt.

Det dårlige nyhendet er at mykje meir framleis hamnar utanfor dette syste-

>>>

- Me skulle definitivt ynskt at gjenvinningsgraden var høgare. Men det vert framleis produsert plastemballasje som ikkje er gjenvinnbar, og då blir det søppel inn, søppel ut. Me må retta blikket mot produktlovene. Dette startar med produsenten, det er der det store fotavtrykket kjem, meiner Karlsen.

Det norske plastsystemet er tungt basert på fjernvarme-forbrenning og eksport. Det er «i grunnleggende utakt med en sirkulær, avfallsfri plastøkonomi», åtvara internasjonale og norske forskrarar i 2021.

Nordmenn er ikkje åleine. I heile Europa går det framleis feil veg. Sjølv om det blir stadig meir gjenvinning, veks forbruket av plast raskare enn denne kapasiteten. Utan radikal handling kjem kontinentet til å ha 46 prosent meir plastsøppel i 2030 enn i dag, og det mesete av det vil vera eingongsplast, spår EU.

Tru og tvil om tiltak

Men det gjeld å ha trua, skal me tru styresmakter og gjenvinningsindustri. TV-kjendisen Leo Ajkic seier det slik i ein reklamevideo for Plastretur/Grønt Punkt: «Det er riktig at noko av plasten ikkje kan resirkulerast. Men eg tykkjer ikkje det er god nok grunn til at eg berre skal kasta alt i restavfallet og la alt bli brent opp og ute av kretslopet for alltid. Stol på at du er viktig, at gjenvinning fungerer og at det du gjer, har ei betydning!».

Helmut Maurer jobba i 15 år på innsida av EU-systemet med å bekjempe plastavfall-problemet. I fjar vart han pensjonist. Tyskaren legg merke til prognosane frå OECD: Milliardar av tonn ny eingongsplast vil hamna på marknaden dei neste åra. Han trur ikkje at Europa kan gjenvinna seg ut av avfallskrisa.

Hovudproblemet, meiner Maurer, er ideen om at det grøne skiftet i Europa skal la seg kombinera med vidare vekst. Tiltaka for å begrensa sjølve plastforbruket er altfor forsiktige, hevdar han.

- Forteljinga om resirkulering er blitt banka inn i oss. Men gjenvinning løyser ikkje problema våre. Eg ser heller ingen resolute tiltak for å løysa dei. Og det uroar meg, seier den tidlegare EU-eksperten.



HALVPARTEN BRENT: Norsk eksportprodukt til Tyskland, drygt 38.000 tonn i fjar: Plastavfallet vårt. Litt over halvparten vart til råstoff for ny plast. Den andre halvparten kunne ikkje gjenvinnast og vart brent.

FOTO: NICO SCHMIDT, INVESTIGATE EUROPE

EINGONGSPLAST OG ANNAN PLAST

Emballasjeplast er blitt kalla «waste waiting to happen». I 2021 utgjorde han 242.000 tonn i Noreg, ifylgje forskarar. I tillegg vart 887.000 tonn plast av meir haldbare typar satt på marknaden – i bygningsindustrien, bilar, fiskeria og havbruk, elektronikk og klede. Men heller ikkje haldbar plast har evig liv.

Plast er ekstremt hendig og har gjort mykje for velstandsauken. Men det har kosta miljøet og klimaet.

I dag blir kun 22 prosent av all plast i Noreg gjenbrukt eller resirkulert, ifylgje rapporten. 70 prosent blir brent – og bidreg til sju prosent av Noreg sitt klimagass-utslepp.

Det vert langt verre om me ikkje tar kraftige grep, trur forskarane: Då vil me i 2040 produsera 34 prosent meir plast enn i dag. Det vil før til 57 prosent meir søppel, 60 prosent meir forbrenning, som til slutt vil auka klimagassutsleppa med 21 prosent.



UREIN: Mykje av det kjeldesorterte plastavfallet frå kommunane i Oslo-området er tilgrisa. Det gjev gode forhold for rotter, kattar og kråker. – Rottene er store. Dei et kattungar, seier maskinførar Kai Trollebø.

FOTO: INGEBORG ELIASSEN

PLANAR FOR SIRKULÆR ØKONOMI

EU-kommisjonen har mange planar for å få til ein sirkulær økonomi med meir gjenbruk og gjenvinning. På dette området fylgjer EØS-medlemen Noreg EU sine vedtak i tillegg til eigne vedtak.

Mål om fem prosent mindre plastemballasje per innbyggjar i 2030, 10 prosent mindre i 2035 og 15 prosent mindre i 2040 (EU-forslag).

All plastemballasje på marknaden skal vera gjenvinnbar innan 2030 (EU-forslag).

Obligatoriske minstekrav for resirkulert plast i emballasje (EU-forslag).

Innan 2035 må norske kommunar sortera minst 70 prosent av plastavfallet (vedtatt).

I dag skal minst 30 prosent av plastemballasjen i Noreg resirkulerast. I 2025 blir minstekravet sett til 47 prosent, i 2030 skal det opp til 50 prosent (vedtatt).

